

Den store joggedagen

29.09.2011



Ned frå Ådnaklett med Valentina frå Italia i spissen

I dag har skulen i Uskedalen ofra halve dagen for eit godt føremål som samstundes er sunt. Den store joggedagen er arrangert med stort engasjement og suksess og bør gjentas neste år. Igrunnen sakna vi berre eitt underhaldningsinnslag, til dømes ein som spela trekkspel. Riktig nok var Nils Naesen å se i løypa, men han hadde nok med å jogga. Det var ikkje mange av dei 119 elevane som meldte forflall og oppslutnaden av foreldre oig andre pårørande var også svært god



Også foreldre og besteforeldre var med. Her er Inger og Valborg Helen sæbø med tvillingane Tym og Frøy

Det gode føremålet var friviljug innsamling av pengar til dei som er så
hardt tørkeramma på Afrikas horn og sparegrisane vart godt fylte.



Helselaget stilte opp med frukt

Det sunne var jogging etter to alternativ, anten over Dønhaug eller over Ådnaklett. Dei 3 første klassane hadde det første alternativet og let seg ikkje be to gongar.



Køtendens ved drikkestasjonen

Mange tok fleire rundar og rekorden var truleg 5.men tek vi ikkje feil hadde rekordsettaren Soldal til etternamn og då har han noko å slekta på.

Heilheitsinntrykket er at dei unge uskedelingane er i god form, dei fleste heldt eit imponerande tempo og svetta ut dei vaksne. Det var imponerande at dei reskaste gjorde unna runden over Ådnaklett på 40 minuttar.

Det var ikkje noko å seia på ambisjonsnivået, slik førsteklassingen

Patrick Stensletten målbar det: - Eg skal klare 10 rundar!

Men alle sette stor pris på drikkestasjonen ved Dønhaug Gardsbarnehage som Hilde Bringedal og Maria Larsen betjente. For ikkje å nemna fruktlagra som venta på skulen etterpå. Dei var det helselaget som stilte opp med, slik dei også gjer ein gong i månaden ellers i året

Rektor Marie Elisabeth Kaldestad er ikkje vanskeleg å overtale til å gjenta arrangementet neste år og la det vera årleg. No er det kanskje 15 år sidan noko liknande vart arrangert sist og det er altfor lenge.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Andreklassingen Emma Ripeleskar seg